

Kvifor kunstfag i skolen?

Debatt om kunstfag sin verdi i PISA-tider.

□ Av Bibbi Omtveit

Torsdag 6. mars var det duka for paneldebatt på Litteraturhuset i Oslo, der verdien av kunstfag i skolen blei diskutert i lys av PISA. Debatten blei arrangert av Norges musikkhøgskole og Høgskolen i Oslo og Akershus, Institutt for estetiske fag. Fleirtalet i panelet representerte musikkfeltet. Di verre hadde Ingvild Digranes, førsteamanuensis ved Høgskolen i Oslo og Akershus, Institutt for estetiske fag, meldt avbod grunna sjukdom.

Det er ingen tvil om at temaet engasjerer mange og at det er eit stort behov for debatt. Nedjma-salen var fylt til randen og fleire måtte lytte til debatten frå gangen. Det kom raskt fram at alle i lokalet hadde ein ting til felles; ingen sådde tvil om viktigeita av kunstfag i norsk skole. Temaet for debatten dreia seg difor snarare om korleis vi skal skape eit betre fundament for å kunne argumentere for viktigeita av kunstfag og kva innhaldet i argumenta kan vere.

Fleire i panelet snakka om den doble verdien ved kunstfag. Det er inga hemmelegheit at det er ein tydeleg samanheng mellom høg PISA-skåring og vektlegging av kunstfag. Forsking viser at praktisk-estetiske fag har ein nytteverdi for prestasjonar i andre fag. Samstundes bør ein stille seg kritisk til dette instrumentelle synet, fordi det reduserer kunstfaga til ein metode. For fagfeltet sin del er det lite fruktbart å diskutere kva slags ringverknader kunstfag har for andre fag. Fleirtalet i panelet var einige om at fundamentet for argumentasjonen bør vere faget sin eigenverdi og at fokuset vårt bør ligge på å fylle dette omgrepet med innhald. I etterkant av dette poengterte Håvik at det lett blir ein floskel når ein skal argumentere for kunstfag sin eigenart. Det blir fort vist til personlege erfaringar og opplevingar når ein forsøker å legitimere kunstfag, men ein kjem raskt attende til nytten kunstfag har for andre fag, eller verdien kunstfag kan ha for dei elevane som strever i teoretiske fag. Plur understreka at det er behov for ein ny legitimeringsstrategi for å overbevise det politiske miljøet.

Kva er kunstfag godt for?

Helge Øye la i eit av sine innlegg vekt på at det skjer ei kunnskapsutvikling i arbeid med kunstfag og at det ligg til rette for at ein tileignar seg ei rekke eigenskapar. Lars Håvik påpeika at det også er noko nyttig ved det unyttige og la mellom anna vekt på estetisk oppleving og samhandling. Samfunnsnyttan ved kunstfaga fekk også merksemd. Svein Sjøberg poengterte at store selskap, som til dømes Siemens, er tydelege på kva slags eigenskapar dei etterspør hos sine tilsette. Til dømes; analytisk evne, evne til å sjå ut over sitt eige fagfelt, samarbeidsevne, kreativitet, problemløysing og kritisk tenking. I tillegg til dette må ein sjølvsagt kunne sitt fag, men det er ikkje lengre ønskeleg å tilsetje "nerder i matematikk". Framtidige tilsette må kunne spele på fleire strenger. Sjøberg fekk også fram at forskning viser at det ikkje er nokon direkte samanheng mellom gode PISA-resultat og positiv næringsutvikling i eit land. OECD sin test TALIS (Teaching and Learning International Survey), som er ei studie av undervisning og læring, trivsel og relasjon mellom lærar/elev, får lite merksemd, sjølv om Noreg skårar høgt i denne studien.

Det gjeng føre seg ei "PISA-fisering" av norsk skole. Teoretiske fag får stort sett all merksemd. Det blei sagt at hovudutfordringa er; korleis overbevise det politiske miljøet om kunstfaga sin rel-

evans for komande røyrløysingar, ingeniørar og servicearbeidarar? Plur la vekt på at det er viktig at kunstfagmiljøet har ein tett dialog. Vi bør fokusere på kva slags borgarar vi treng for å kunne utvikle samfunnet, kva slags samfunn er det vi ønskjer å ha, kva slags ferdigheiter tilegnar ein seg ved å ha kunstfag, og vi må kjempe for at rektorar skal tilsetje faglærarar på alle nivå. Å satse på forskning er heilt essensielt, men dette krev at kommunikasjonen mellom forskning og praksisfelt er god.

Sjølv om debatten omhandla spørsmåla "kva gjer vi" og "kva slags argument skal vi bruke", måtte Ida Habbestad, som leia debatten, stadig minne panelet om at det var dette det var ønskeleg å få svar på. Det var ikkje tvil om at tilhøyrarane ville ha konkrete forslag. Frå panelet blei det understreka at legitimering er ein kontinuerleg prosess. Mot slutten av debatten blei det sagt at vi må skape ein legitimeringsdiskusjon som har sjølvvillitt. Saman med røyster frå salen blei det konkludert med at vi alle har eit ansvar for å bidra til å synleggjere viktigeita av kunstfag. Få av oss er i posisjon til å kunne kommunisere direkte med politikarar, men vi står alle i posisjon til å kunne delta. Enten det er med lesarinnlegg, vere aktive på sosiale medium, blogge og ikkje minst kommunisere med vener, kollegaer, foreldre og rektorar. Som ei kvinne frå salen sa "vi må alle være småpolitikere".

Debatten held fram på Litteraturhuset 28.april. Då legg ekspertutvalet fram sin sluttrapport, der det samla kunst- og kulturtilbodet i skulen har blitt vurdert.

Då får vi håpe at det blir reservert ein større sal.

Deltakarar i debatten: **Svein Sjøberg** (professor i natur-fagenes didaktikk ved Institutt for lærerutdanning og skoleforskning, Universitetet i Oslo). **Sigrid Røyseng** (professor ved Institutt for kommunikasjon – kultur og språk, BI). **Hans Ole Rian** (forbundsleiar i MFO – Musikernes fellesorganisasjon og Forbundet for utøvende kunstnere og pedagoger). **Helge Øye** (prosjektleiar i Oppland fylkeskommune og medlem av Ludvigsenutvalget). **Øivind Varkøy** (professor i musikkpedagogikk ved Norges musikkhøgskole og gjesteprofessor i musikkvitenskap ved Örebro universitet). **Ulrika Bergroth-Plur** (dagleg leiar i Musikk i skolen).

Bibbi Omtveit er lektor i formgiving, kunst og håndverk. Hun har masterutdanning fra HiO med emnet tegneundervisning, fagdidaktikk. Som leder av sommerskolen ved DogA, 2008 - 2011, var hun ansvarlig for planlegging og gjennomføring av undervisningsopplagg for barn, 8 - 12 år. Fra 2011 til d.d. har hun vært ansatt ved Skullerud ungdomsskole som faglærer i kunst og håndverk. Hun har illustrert barneboka Sirkus Spetakkel, skrevet av Kari Smeland, Samlaget.

Bibbi Omtveit ønskes velkommen som ansvarlig redaktør for tidsskriftet FORM fra 1. mai 2014! Kristin Aasgaard som går av med AFP, ønsker Bibbi Omtveit lykke til med et givende arbeid. Alle bidragsytere til FORM takkes samtidig for det gode samarbeidet som har vært siden hun ble redaksjonsmedarbeider i 1996.